

Rv13

Fjordvegen



Den indre riksvegen på Vestlandet



Fjordvegen

RV13-regionen består av 16 kommunar som blir bundne saman av RV13, og strekker seg frå Sandnes i sør til Førde i nord.

Utviklinga i desse kommunane er svært ulik. I sør er kommunane Sandnes, Strand og Forsand ein del av den funksjonelle arbeidsmarknaden i Stavangerregionen. Dette er det mest dynamiske næringsområdet i landet, og er kjenneteikna av høg vekst og lønnsemd i næringslivet, vekst i sysselsetting og befolkningsvekst. Førde, lengst i nord, har også ei god næringsutvikling og høg befolkningsvekst.

Kommunane mellom desse har imidlertid sine utfordringar. Næringsutviklinga er varierende i dette området, men fleire av kommunane har hatt ei god næringsutvikling. Nesten alle kommunane mellom kraftsentra i nord og sør har likevel stor netto utflytting til andre delar av landet. Høg utflytting over ein lengre periode fører gradvis til at befolkninga blir eldre, ettersom det er dei unge som flytter oftast. Dermed får desse kommunane også eit fødselsunderskot som ytterlegare reduserer befolkninga frå år til år.

Ettersom næringsutviklinga er relativt god mange stader, ser det ikkje ut til at det er svak næringsutvikling som er årsaka til denne utflyttinga.

Hovudproblemet synest difor å vera at mange kommunar har låg attraktivitet som stader å bu. Attraktivitet i denne samanhengen er definert som evna områda har til å tiltrekka seg busetting, utover det som skuldast vekst i arbeidsplassar. Attraktivitet som bustad er i høg grad avhengig av at kommunanes eigen storleik og integrasjon med arbeidsmarknader utanfor kommunen. Denne arbeidsmarknadsintegrasjonen er igjen direkte påverka av kommunikasjonane til alternative arbeidsmarknader.

Diktarvegen

IS Fjordvegen ser etter samarbeidspartnarar som kan vera med og setja fokus på utvikling av regionen, ikkje berre med betre infrastruktur men også innan kultur, nærings- og reiseliv. Diktarvegen er i den samanheng eit spanande pilotprosjekt og det første i sitt slag i Norge.

Ryggrada i prosjektet er forfattarane Jakob Sande, Per Sivle, Ola H. Hauge, Rasmus Løland og Arne Garborg. Desse var alle knytt til regionen og områda Fjordvegen går gjennom.

Fjordvegen meiner at samarbeid med prosjekta Diktarvegen og Nasjonal Turistveg vil skapa eit langt breiare engasjement enn om ein står åleine.





Fjordvegen som Nasjonal Turistveg

Tre strekningar på Rv13 – Fjordvegen vil om kort tid få status som Nasjonal Turistveg. Ein finn desse strekningane i Ryfylke, Hardanger og over Gaularfjellet.

Årsaka til dette er at ein på strekninga kan oppleva vestlandsfjordar med mektige fjell og buldrande fossar, der kvar region har sitt særpreg og sjarm. Langs ruta kan du finna stavkyrkjer, museum, galleri og festivalar. Du vil koma innom tettstader der serprege overnattingsmoglegheiter og serveringsstader ventar deg. Vil du vandra til flotte turmål med vakker utsikt er det kort avstand frå Fjordvegen. Du kan sjå kvite brear, og gjerne føreta ei brevandring med guide.

Etter dei planar som ligg føre vil dei tre strekningane få status som Nasjonal Turistveg frå 2012.

Utvikling på Fjordvegen

Fjordvegen vil få vesentleg standardheving dei næraste åra. Av viktige prosjekt som er vedtatt gjennomført og finansiert nemner ein her:

- Bygging av Hardangerbrua med tilførselsvegar – oppstart 2009.
- Utbetring av strekninga Bu – Brimnes – rassikring Hardanger – oppstart 2008.
- Vossapakken – to av tre tiltak på Rv13
 - Voss grense – Øvre Granvin
 - Palmafoss – Mønshaug
- Sandsfjordbrua m/tilførselsvegar samt rassikring på fylkesveg 517 – Ryfylke – oppstart 2011.
- Osberget – rassikring Ryfylke – oppstart 2010.
- Brattlandsdalen – Odda.

Prosjekt under planlegging

- Oddapakken
- Vikafjellet – 15 km tunnel
- Rassikring:
 - Joberget – Granvin
 - Odda – Kinsarvik
 - Tysdalsstranda – Ryfylke
- Vedlikehald
 - Gaularfjellet Balestrand/Gaular – vegdekke
 - Røldalsfjellet – vegdekke

Oversikta syner at Fjordvegen er inne i ei positiv utvikling. Det er med stor tilfredsheit me kan registrera at arbeidet med Hardangerbrua er godt synleg med planlagd opning i 2013. Me kan og gleda oss over at Sandsfjordbrua er regulert og finansiert med byggeperiode 2011 – 2013. Det same gjeld Vossapakken, som og er planlagd ferdig i 2013. Ryfast, som vil gje fastlandsamband mellom Ryfylke og Nordjæren, er og inne i ein avgjerande fase. På plussida kjem vidare at det i statsbudsjettet for 2010 vart sett av midlar til utarbeiding av reguleringsplan for ny tunnel over Vikafjellet.

I tillegg kjem midlar til rassikring for utbetring og sikring av utsette strekningar.

Likevel, det er langt fram og mange tunge prosjekt som krev mykje ressursar ligg på vent. I oversikta her har me m.a. peika på strekninga Jøsendal – Kinsarvik (Oddapakken) og 15 km tunnel over Vikafjellet. I tillegg kjem ein stor trong for sikring mot ras og ikkje minst generelt vedlikehald av vegbanen og sikringstiltak.

I samband med revisjon av Areal- og transportplan for Ryfylke har tanken om kryssing av Jøsenfjorden dukka opp. Eit nytt stort prosjekt på Rv13 som vil vera nok eit vesentleg positivt tiltak for å gjera regionen meir attraktiv.





Sandsfjordbrua

Sandsfjordbrua med tilførselsvegar tek av frå Rv13 på Lovraeidet og kryssar Sandsfjorden ved Åsarød. På Ropeid blir eit viktig vegkryss der nyvegen blir knytt til eksisterande fylkesveg mot Haugesund – fv 46, og til veg mot Sauda og Røldal – fv 520.

Brua får ei total lengde på 680 meter. Brua blir bygd med eit hovudspenn på 290 meter. Sidespennet på austsida blir 55 meter og på vestsida 155 meter. I tillegg blir det 3 såkalla sidespenn, kvar på 50 meter. Seglingshøgda blir på 60 meter i eit tverrsnitt på 200 meter. Byggeperioden er berekna frå 2011 – 2013.

I samband med brubygginga vil det bli bygd nye tilførselsvegar på begge sider. Samla veglengde, inklusive brua og 5 tunnelar, blir 5 km ny veg.

Utbetring av eksisterande fv 517 veg frå Lovraeidet til avkjørsel ved Tysingvatnet, gjeld ei strekning på 3,5 km inkludert ny tunnel på 950 meter – Hamratunnelen.


Hardangerbrua

Hardangerbrua kryssar Hardangerfjorden og erstattar ferja mellom Bruravik og Brimnes.

Hardangerbrua er planlagt som ei tofelts hengebru med gang- og sykkelveg. Brua får eit hovudspenn på 1310 m og ei total lengde på 1380 m. Hardangerbrua vil bli den lengste hengebrua i Norge.

Prosjektet omfattar også 2,4 km tunnel og 0,8 km veg i dagen.

I tillegg skal det byggast 0,9 km gang- og sykkelveg fram til brua.



28. februar 2006 blei Hardangerbrua vedtatt i Stortinget. Det fysiske arbeidet starta i 2009 og planlagt opning er 2013.



-  Førde
-  Gaular
-  Balestrand
-  Vik
-  Voss
-  Granvin
-  Ulvik
-  Eidfjord
-  Ullensvang
-  Odda
-  Sauda
-  Suldal
-  Hjelmeland
-  Strand
-  Forsand
-  Sandnes



IS Fjordvegen

Pb. 78, 5782 Kinsarvik
Tlf. 53 67 14 50
E-post: post@hardangerraadet.no

Prosjekt Rute 13 – Fjordvegen

Pb. 7, 4201 Sauda
Tlf. 52 78 50 81
E-post: hl@sauda-vekst.no

www.fjordvegen.no

Rv13 – Fjordvegen – Den indre riksvegen på Vestlandet